



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9521 - 23/18368

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
07.03.2023

## Behandling av klage - Ferdigattest/legalisering av garasje/bod - gbnr 37/52 Myking

Tiltak: Ferdigattest/legalisering av garasje/bod  
Byggjestad: Gbnr: 37/52  
Tiltakshavar: Jan-Sølve Fimland  
Ansvarleg sækjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Delegasjonssak nr.: 258/23

### **Vedtak :**

**Alver kommune tek klaga til følgje og tilbakebetalar kr 7900 av gebyret.**

**Vedtaket er heimla i pbl.§21-7, SAK10§§7-3 og 7-6.**

### **Saka gjeld**

Det er i klage vist til at den konkrete saka har 12 veker sakshandsamingsfrist jf. pbl.§21-7, og at det er grunnlag for bortfall av gebyr jf. SAK10 §7-6.

### Regelverk for tilbakebetaling av gebyr

Det går fram av SAK10 §7-6 at ved brot på tidsfrist i SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 første og fjerde ledd, skal kommunen betale tilbake tiltakshavar 25% av gebyret for kvar påbyrja veke etter at tidsfrist vart overskriden. Dette inneber at det berre er rom for tilbakebetaling i tilfelle der sakstypen fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 første eller fjerde ledd.

### SAK10 §7-4 bokstav a)

SAK10 §7-4 bokstav a) viser til søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova §19-2, og at desse skal handsamast innan 12 veker.

Det er ikkje søkt om dispensasjon i den aktuelle saka.

#### Pbl. §21-7

Det går fram av pbl. §21-7 første ledd at søknad om løyve skal handsamast innan 12 veker etter at fullstendig søknad ligg føre, med mindre anna går fram av andre eller tredje ledd. Det er her tredje ledd som er relevant, ettersom det er tale om tiltak utan ansvarsrett.

Det går fram av pbl. §21-7 tredje ledd at der tiltak er i samsvar med reglar gjeve i lov eller i medhald av lov, og ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde ikkje er naudsynt, skal avgjerast innan 3 veker. Spørsmålet under vurdering vil vere om tiltak fell inn under første ledd i denne bestemmelsen med 12 vekers frist, eller om saka fell under unntaket i tredje ledd som viser til 3 vekers frist.

#### **Vurdering**

Spørsmålet er om det ligg føre grunnlag for reduksjon/bortfall av gebyr etter SAK10 §7-6. Dette føreset at det er tale om ei sak med 12 veker sakshandsamingsfrist, som vist til ovanfor.

Det er på det reine at saka ikkje vert omfatta av SAK10 §7-4 bokstav a) som omtalar dispensasjonssøknadar. Spørsmålet er dermed om saka fell inn under reglane i pbl. §21-7 første ledd, eller om den går inn under unntaket i tredje ledd som sak med 3 veker sakshandsamingsfrist.

Det er ein føresetnad for at sak ha frist på 3 veker etter tredje ledd at denne er i «samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhald av denne lov» (plan- og bygningslova). Det er i den konkrete saka lagt ved samtykke frå nabo for plassering av tiltak 0 meter frå nabogrensa. Dette inneber at tiltak som utgangspunkt er i strid med avstandskrav i pbl. §29-4. Sjølv i tilfelle der det ligg føre samtykke frå nabo for plassering, er det framleis formulert slik i pbl. §29-4 tredje ledd at kommunen «kan» godkjenne plassering. Dette inneber at tiltak framleis vil vere i strid med avstandsregelen i plan- og bygningslova, men at kommunen har eit skjønnsrom til å godkjenne den konkrete plasseringa.

Det er vurdert at tiltak ikkje er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Sakshandsamingsfrist skal dermed reknast etter pbl. §21-7 første ledd, som viser til at sak har 12 veker sakshandsamingsfrist.

Som følgje av at saka sin frist vert rekna etter pbl. §21-7 første ledd, er det grunnlag for reduksjon/bortfall av gebyr dersom det ligg føre brot på sakshandsamingsfrist jf. SAK10 §7-6.

#### Vurdering av fristberekning jf. SAK10 §7-6

Søknad vart motteken 11.11.2021. Det er ikkje send ut mangelbrev i sak. Det vert følgjeleg lagt til grunn at sak var komplett denne dato. Fristen er 12 veker frå denne dato, den 03.02.2022.

Vedtak i sak er datert 22.06.2022. Det er etter SAK10 §7-6 grunnlag for bortfall av gebyr etter den fjerde påbyrja veka etter sakshandsamingsfrist gjekk ut. Dette vil seie at frå den 24.02.2022 var grunnlaget for å krevje gebyr gått ut. Det er på det reine at det ligg føre fleire veker med fristbrot her.

Det er vurdert at det er grunnlag for bortfall av gebyret i sin heilskap jf. SAK10 §7-6.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*